



Nynorsk kultursentrum



PRESSEMELDING 15. SEPTEMBER 2014

Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum i tett samarbeid:

Arbeidet med Vinje-senteret i Vinje er i gang

– **Vinje kommune meiner alvor når vi no set i gang arbeidet for å skape eit Vinje-senter for diktning, journalistikk og språkleg mangfald. Med Nynorsk kultursentrum har vi fått den samarbeidsparten vi ønskte, seier ordførar Arne Vinje.**

– No har vi opna Olav H. Hauge-senteret i Ulvik, og responsen frå publikum overveldar oss. Alle røynslene frå dette arbeidet kjem Vinje-senteret til gode, seier styreleiar Lodve Solholm i Nynorsk kultursentrum. Dei to samarbeidspartane har nyleg bedt om møte med politisk leiing i Kulturdepartementet før jul for å presentere prosjektet.

I selskap med Aasen-tunet og Hauge-senteret

Med 24 røyster mot ei røyst godkjende Vinje kommune i vinter ein intensjonsavtale med Nynorsk kultursentrum om Vinje-senteret. Frå og med dette skuleåret er Vinje skule i gamle Vinje nedlagd, og planen er at skulebygningen skal hyse mellom anna Vinje-senteret.

– Denne løysinga inneber at vi bruker ein bygning som alt finst, og det er god offentleg økonomi å gjere det, seier Solholm. Hauge-senteret i Ulvik held til i det gamle heradshuset i Ulvik, og dette senteret for Olav H. Hauge og lyrikk i mange former på tvers av språkgrensar er den billigaste nasjonale kulturinstitusjonen som er blitt opna på lang tid.

Telemark fylkeskommune tek stilling

Torsdag tek hovudutvalet for kultur i Telemark fylkeskommune stilling til ein invitasjon om å bli medstiftar i Nynorsk kultursentrum. Fylkesrådmannen har lagt fram ei positiv innstilling som føreset at fylkeskommunen har ein medlem i den prosjektgruppa som no blir oppretta. Nynorsk kultursentrum har teke på seg å leie eit utviklingsprosjekt for Vinje-senteret som skal leggje fram ei samla tilråding innan utgangen av 2015.

– Leiinga i Nynorsk kultursentrum har alt gjort framifrå arbeid, seier ordførar Arne Vinje. Nyleg hadde direktør Ottar Grepstad 14 møte på tre dagar med lag og institusjonar i Vest-Telemark for å bygge eit solid lokalt grunnlag. Seinare går turen til fylkesinstitusjonane. Også Telemarks-benken og andre sentrale stortingsrepresentantar vil merke at arbeidet er i gang med eit nytt, rimeleg litterært museum i Noreg.

Nynorsk kultursentrum eig og driv Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret, Dei nynorske festspela, Ulvik poesifestival, Allkunne og sju nettstader, og hadde prosjektansvaret for Språkåret 2013. Konsernet er gjeldfritt og har i 2014 budsjettert med samla inntekter på 32 mill. kr.

For meir informasjon

Ordførar Arne Vinje, tlf. 908 24 288

Styreleiar Lodve Solholm, tlf. 415 15 524

Direktør Ottar Grepstad, tlf. 906 16 727

Kommunikasjonsrådgivar Laila Walseth Lid, tlf. 70 04 75 82 eller 958 70 569

